



Bokn KrF
2019-2023

**Eit trygt og godt
lokalsamfunn**



INFORMASJON

Saman for eit varmere samfunn



Program for Bokn KrF 2019-2023

Kristelig folkeparti er i alt sitt politiske arbeid forplikta på det kristne menneskesynet, nestekjærleiksbodet, tenesteoppdraget og forvaltaransvaret.

Kyrkje og kristenliv

KrF vil arbeida for:

- å gi kyrkja gode økonomiske vilkår til å utføra oppgavene sine.
- godt vedlikehald av kyrkje og gravplass.
- gode vilkår for frivillig arbeid.

Skule og barnehage

KrF vil arbeida for:

- at det vert bygd ny skule
- auka støtte til born som treng ekstra oppfølging
- å gi kurstillbod til lærarar og foreldre som har born med spesielle behov.
- at kristne grunnverdiar skal prega skule og barnehage.
- ein god og fleksibel SFO- og barnehage ordning.
- at barnehagetilbodet og skule må vera mest mogleg knytt til naturen og nærmiljøet.
- meir leikbasert læring i småskulen

Alkohol, narkotika og andre rusmidler

Alkoholen er framleis årsak til store helse- og sosialproblem i landet.

KrF vil arbeida for:

- å støtte gode, rusfrie fritidstilbod.
- at kommunale tilstellingar er rusfrie.
- ein restriktiv alkoholpolitikk.
- god kontroll med verksemder og lag som har løyve til å selja alkohol
- eit aktivt og målretta kommunalt rusførebyggjande arbeid.

Helse og omsorg

KrF ynskjer å skapa trygge livsvilkår for alle som bur i Bokn.

KrF vil arbeida for:

- å sikra eit godt førebyggjande helsearbeid for alle.
- at psykisk sjuke får eit tilstrekkeleg tilbod.
- at det er tilgjengelege bustadar til folk med spesielle behov

Kultur og verdivalg

KrF vil arbeida for:

- aktivt samspel mellom det frivillige og det offentlige.
- å støtte arbeidet som vert drive av frivillige og frivillige organisasjonar.
- å støtte varierte aktivitetar for eldre
- å støtte fleirkulturelle aktivitetar



VAL 2019

Familiepolitikk

Familien er den grunnleggjande byggesteinen i samfunnet vårt.

KrF vil arbeida for:

- å styrkje regionalt samarbeid om familierådgiving og samlivskurs.
- at alle barn uansett familieforhold blir tatt vare på og får omsorg og gode oppvekstvilkår.
- at familiar som treng hjelp må få dette mest mogleg gjennom heimebaserte tiltak.
- at kommunen gir god informasjon om Boknasamfunnet til innflyttarar, og at det blir kjekt på Bokn for alle.

Næringsverksemd

Eit velfungerande og aktivt næringsliv er ein føresetnad for å sikra velferdsamfunnet.

KrF vil arbeida for:

- god service og kort handsaming frå kommunalt hald.
- fleire nye arbeidsplassar på Bokn
- å sikra næringsareal med lett tilgang til sjø.
- at det vert laga kvileplass for tungtransport m/service på Bokn
- godt samarbeid med andre kommunar på Haugalandet om næringsutvikling.
- godt vedlikehald av kommunale vegar og eigedommar.
- å få ein god utvikling på område frå og med Knarholmen og sørover.

Jordbruk

Eit aktivt jordbruk i Bokn er nøkkelen til det varierte kulturlandskapet vi har i dag.

KrF vil arbeida for:

- å leggja til rette for eit attraktivt og produktivt jordbruk.
- å sikra bu og driveplikta.
- vern av dyrka og dyrkbar jord, ved at jord ikkje blir bustad eller næringsområder.
- å sjå positivt på tilleggsproduksjonar av ymse slag
- å gi høve til å selja jorda uten bygningar som tilleggjord.

Kommunikasjon og samferdsel

Gode kommunikasjonsløyningar er viktig for å sikra busetting og næringsliv i alle deler av kommunen.

KrF vil arbeida for:

- god planløyning for E39 gjennom Bokn.
- å få ruste opp kommune- og fylkes vegar til eit høgare akseltrykk
- å betre kolektivtibuset i heile kommunen.
- sykkel- og gangvegar i Bokn slik at ein kan sykla eller gå frå Ognøy i nord, til Loten i sør.
- kortare bussrute til vidaregåande skule i Haugesund.



Miljø og natur

KrF vil arbeida for:

- å ta vare på den varierte og fine naturen i kommunen.
- å legge til rette for balansert bruk av naturen til friluftsliv.
- stimulere til tiltak som kan stoppe tilgroing.
- stimulere til energisparende tiltak og bruk av nye energikilder.
- kartlegging av det biologiske mangfaldet i kommunen
- mindre bruk av plast.

Bustadbygging

KrF vil arbeida for:

- at kommunen har regulerte områder til husbygging på meir en ein plass.
- at kommunen legg til rette for byggefelt med varierte og attraktive tomter.
- at det er mogleg å byggja større hus med leiligheter på nokre eller deler av byggefelta
- at alle innbyggjarane kan få tilknytting til kommunalt vatn.



Difor bør du røyste KrF

Ja til livet – heile livet

Alle menneske har uendelig verdi frå unnfanging til naturleg død. Difor seier vi ja til betre hjelp og støtte for gravide. Vi seier ja til betre omsorg og lindring i livets siste fase og nei til aktiv dødshjelp.

Vi vil styrkje familiene, ikkje styre dei

Trygge familiar gir trygge barn.
KrF vil leggje til rette for sterkare og tryggare familiar som har valfridom og fleksibilitet til å velge løysingar som er best for seg og sine barn.

Ja til både kontantstøtte og gode barnehagar!

Ein verdig alderdom og respekt for eldre

KrF vil ha eit seniorvenleg samfunn med god eldreomsorg og auka bemanning på sjukeheimane for å sikre tid til kvar einskild.

Vi heier på frivilligheita

Utan frivilligheit og dugnad stoppar Norge! KrF vil auke gavefrådraget for frivillige organisasjonar, og vi vil gi fullt momsfratak for frivilligheita. Ideelle aktørar i rusomsorga må sikrast gode vilkår.

Ein skule der alle blir sett

KrF vil ha fleire lærarar som kan sjå og hjelpe kvar einskild elev. Vi vil at lærarar skal bruke mindre tid på byråkrati og meir på god undervisning. Vi vil kjempe mot mobbing. Skulen skal hjelpe foreldra med å gi gode haldningar og verdier til elevane. Vi treng eit verdiløft i skulen!

LISTEKANDIDATANE VÅRE



1. Sigmund Alvestad

1946
Pensjonist



2. Oddvar Hognaland

1959
Industriarbeidar



3. Anette Lundervold

1975
Lærer



4. Torstein Alvestad

1977
Bonde



5. Hans Jørgen Ognøy

1970
Ingeniør




**6. Ernst Harald
Alvestad**

2000
Student



7. Marianne Øvrebø

1950
Pensjonist



8. Arthur Alvestad

1950
Pensjonist



**Stem Bokn KrF
9. september!**